

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 1 - MARS 2021
ÅRGANG 44





DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje/kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Oma, Elisabeth Søndena
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Ragde, Kjetil Hagevik 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Lunde, Svein 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Helland, Wenche A. 901 33 397

Leiar Diakoninemnd:

Tvedt, Annbjørg Stjern 470 18 264

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øyremerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsdebilette:

Til fjells med Krik

Foto: Randi Lønning Matre



Den stille veka

Den stille veka varer frå
palmesøndag til påskeaftan.
**Namnet kjem av at ein tidlegare
ikkje ringte med kyrkjeklokkene
denne veka og heller ikkje brukte
orgelet under gudstenestene.**
**I denne tida skulle ein i størst
mogleg grad la alt arbeidet kvila,
og det skulle vera stille både ute og
inne.**



Roald Drønen

Ei veka med stille - ei tid til å tenkja seg om for oss - var for Jesus alt anna enn stille. I denne veka går me inn i dagar der Jesus blottlegg seg - han vert avkledd all menneskeleg verdigheit og herlegdom på den mest brutale måten. Smerte, fornedring og død - som held menneske som gissel - er noko som er gravert inn i Gud sjølv.

Kyrkjeklokkene er no stille, musikken går i moll, og stille gudstenester vil leia oss til ettertanke og innleving.

Filipparbrevet sin store Kristushymne held saman Jesu liding og seier:

*Lat det same sinnelaget vera i dykk som òg var i Kristus Jesus!
Han var i Guds skapnad og såg det ikkje som eit rov å vera Gud lik, men gav avkall på sitt eige, tok ein tenars skapnad og vart menneske lik. Då han stod fram som menneske, fornedra han seg sjølv og vart lydig til døden, ja, døden på krossen. Difor har òg Gud opphøgd han til det høgste og gjeve han namnet over alle namn. I Jesu namn skal difor kvart kne bøya seg, i himmelen, på jorda og under jorda, og kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære!*

Fil. 2,5-11

Men den stille veka har også andre namn som løftar fram andre sider enn stilla. I den engelske kyrkja vert ho kalla «Den heilage veka», og i den ortodokse kyrkja brukar ein namnet «Den store veka». På desse namna høyrer ein at denne veka er ei tid som ikkje er som andre, men ei tid då me feirar at Guds verk i verda når eit høgdepunkt i hendingane rundt Jesus.

Ei stille og god påskeveke
ynskjer eg dykk alle!



Ein kveld til fjells med Krik

Randi Lønning Matre

Fredag 5. februar var ein kjekk kveld til fjells saman med KRIK. I pulken drog me opp kakao, pølser, brød, ketchup og mykje ved. Kvelden starta med andakt, deretter var det tid for konkurranse. 4 lag stilte til start i ake-konkurranse med skot på blink og strafferunde. Ungdommane viste stort engasjement og konkurranse-instinkt! Etter pølse i brød og mykje kakao, gjekk me ein tur for å sjå på stjernehimmlen og lys frå bygda. Det var ein herleg gjeng med ungdommar som hadde teke turen opp til gapahuken denne fredagen.

Tusen takk for ein flott kveld!



På facebookside vår deler me noko av det som har skjedd og det som skal skje i kyrkja vår. Du finn oss under namnet Kyrkja på Fitjar.

Lik og følg oss gjerne!

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 4. juni til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 16. juni Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Biskopen kjem

Visitass i Fitjar i adventstida

Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, kjem på visitass til Fitjar i adventstida; 30 nov. – 2. des. Søndag 5. des. vert det visitassgudsteneste og samling etterpå med foredrag av biskopen.



I «Ordinga for bispevisitass i Bjørgvin bispedøme» står det: Formålet med bispevisitassen er å støtta, inspirera og rettleia kyrkjelyden og tilsette, og gjera kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet.

Biskopen skal ved visitassen leggja vekt på forkynninga av Guds ord i soknet. Ved dette skal biskopen gje støtte til kyrkjelydane si verksemd og styrkja fellesskapet i kyrkjelydane.

Saman med sokneråd og tilsette skal biskopen under visitassen gå inn i eit felles arbeid for å prøva kyrkjelivet på Guds ord og kyrkje si vedkjenning, og inspirera til frimod og fornying. Kyrkjelyden sitt arbeid skal også vurderast opp mot dei planar som ligg føre frå kyrkjelege organ.

Biskop emer. Ole D. Hagesæter var på visitass i Fitjar 2008. Me ser fram til at biskop Halvor kjem til Fitjar for å møta kyrkjelyden vår, og me gler oss til å bli betre kjent med biskopen vår.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

Småbarnssong i 20 år

Babysong og småbarnstreff starta januar 2001 på Fitjar. Det har heile tida vore drive av Helga Rimmereid og Astrid Prestbø, fram til januar 2021.

Randi Lønning Matre

Småbarnssong var det dei starta først med. Og det har samla mange vaksne og born opp gjennom åra, det var eit populær tiltak. For det var ikkje berre denne formiddagen med song, lunsj og leik desse to flotte damene stod bak. Det var også turar til leikeplassar, hobbyverkstad til jul og påske og ein og annan bakedag m.m. Ja, dei har organisert, lagt til rette og laga til mange flotte arrangement for bygda.

Me i kyrkja vil takka hjarteleg for det flotte arbeidet de har gjort gjennom 20 år. De har sett mange gode spor hos dei som har møtt dykk på småbarnssong.

Me har intervjuva 3 som har vore på småbarnstreff:



4 spørsmål om det å gå på småbarnstreff

1. Kva tid gjekk du på småbarnstreff? Kor mange born hadde du med?
2. Kva var det som gjorde at du valde å gå på småbarnstreff?
3. Opplevde du at barnet ditt hadde positive opplevingar av å vera med på småbarnstreff? – i tilfelle kva?
4. Er det noko du hugsar godt frå tida på småbarnstreff, som du på ein eller annan måte har hatt glede av seinare? - ein song, -eit instrument, - ein aktivitet....?

Hilde Karin Vedøy Eiken:

1. Me gjekk på småbarnstreff rundt 2007-2010. Eg hadde stort sett med meg to eller tre born.
2. Me gjekk på småbarnstreff fordi det var ein aktivitet som passa godt for oss. Me kjende mange andre som gjekk der, og vart kjende med enno fleire. Slik eg hugsar det, var det alltid kjekt å komme på småbarnstreff.
3. Borna lika songstunda godt, og særleg når dei fekk låne tromme og andre instrument. Det var også kjekt med leiketid etter formiddagsmat.
4. Me lærte songar som me også song heime. Elles er det vel dei gode minna me har teke med oss vidare. Det beste var kanskje det blå sjalet som vaia då me song «Små bølger, store bølger». Det var veldig gøy!

Det er ein fantastisk innsats de har lagt ned på småbarnstreff og anna frivillig arbeid i Fitjar kyrkjelyd. De har gjort småbarnstreff og søndagsskule til ein god plass å komma, og Fitjar til ein enno betre plass å bu.



Siv Merethe Nordeide Stokken med borna

Hildegunn Sandvik:

1. Eg gjekk på småbarnstreff våren 2012 fram til ca 2015, ikkje kvar gong, men så ofte me kunne. Eg hadde med eit barn.
2. Der kunne Tomas treffe leikekamerater, det var kjekt å synge i lag, lære nye kristne barnesongar og eg traff andre mødre til ein «drøs» over ein kaffekopp.
3. Det var ei kjekk stund for små og store, Tomas gledde seg til stundene. Gleden av å synge og bevege seg til musikk var kjekt.
4. Hugsar ikkje noko spesielt, kjøpte nokre cd som dei brukte, og som blei flittig brukt ei stund.

Kjære Astrid og Helga. Dokke er nokre fantastiske damer. Set pris på arbeidet dokke gjer.



Ståle Vestbøstad og Torbjørn Eiken for nokre år sidan.

Foto: Hilde Karin Eiken



Siv Merethe Nordeide Stokken:

1. Eg begynte på småbarnstreff med første babyen min i 2009, Venita, som no snart er 12 år. Eg har gått på småbarnstreff med alle ungene mine, og eg har 5. Så eg har vore ein trufast gjengangar på småbarnstreffa sidan 2009. Det har variert frå 1-3 ungar eg har hatt med samtidig.
2. Aller første gongen (2009) hadde eg lyst å vera med på småbarnstreff, både for å vera litt sosial i permisjonstida og for eg hadde høyrte at dette var så kjekt for ungene. (Reklame frå Austevoll, der var det så mange som gjekk på småbarnstreff) Tenk også så kjekt for ungene og for oss vaksne å sjå andre og ete lunsjen vår saman. Kjempe koselig.

3. Ja!! Dette var positivt og veldig kjekt for ungene. Gjentakning og den gleden dei viste der, var heilt fantastisk. Du såg til og med babyane vart ivrige når dei hørte det same gong etter gong.
4. Å lage fotavtrykk og juleverkstad var magisk med ungene. Fotavtrykka heng på veggen i huset. Ein song har gått igjen i fleire år her, og det er den: gå i skogen, gå i skogen, hogga ved, hogga ved... ungene vil enno at eg skal gjera den med dei, og no er minstemann 3,5 år. Dei ler og skrattar like mykje kvar gong.

At dåke har holdt på med detta no i 20 år, er heilt fantastisk. Så mange dåke har gledd, både store og små. Dåke stelle i stand, år etter år.



Eit uforgløymeleg møte med Søster Gudrun

Før jul fylte Gudrun Tufteland 100 år, og Kyrkjebladet fekk møta henne for ein god prat om hennar liv og virke gjennom alle desse åra.

Anne Hardeland

Ho vaks opp på Skumsnes i ein god heim med seks søsken. Dei fekk tidleg med seg ei fast gudstru og kunnskap om kva som var rett og gale. «Kvar laurdagskveld hadde far andakt, og me las i Bibelen og song salmer. Dersom det ikkje var Gudsteneste om søndagen, las han dagens tekst frå ei bok», hugsar ho. Påskeevangeliet gjorde stort inntrykk på den vesle jenta, og det har ho hatt med seg heile livet.

Miljøet på Skumsnes var svært godt og ho fortel levande om korleis naboane samarbeidde og tok vare på kvarandre. Eit område dei gjekk saman om, var fiske. Borna fekk vera med å dra nota i land og fekk seg nokre kroner i lott. Dette var stor stas.

Trongen til å hjelpa trur ho at ho har hatt med seg frå barnsbein av. Den låg der alltid. Ei av hennar nære venninner fekk tuberkulose, og Gudrun var hos henne gjennom heile sjukeleiet og til ho døydde 18 år gammal. «Ho fór til himmelen, og der ventar dei på oss» vart ungane fortalt. Dette kan ho framleis sjå for seg. Foreldra var bekymra for smitte, men ho ville vera der for venninna si heilt fram. Då ei anna venninne vart alvorleg sjuk, flytta den dåverande menighetssøstera, Kristi Leivestad, inn hos henne, budde der i fleire veker og pleia henne. Dette verka sterkt inn på Gudrun, og «eg trur dette var spira til mitt ønskje om å bli sjukesøster», fortel ho.

Etter ei tid på Framnes, reiste Gudrun til Oslo og utdanna seg på Menighetssøsterhjemmet. Ein svært populær institusjon på den tida. Etter studiet var det høgtideleg innviing der dei lova å vera «Menighetens tjenerinne blant syke og forkomne». Dei svara ja på spørsmålet: «Vil du skjømte din gjerning med troskap, med det du henter din kraft fra Herren Kristus?», og tok presten i handa på det.

Og så var det tid for Søster Gudrun å ta til i sitt virke som menighetssøster i Fitjar. Ho fortel: «På den tida var det ikkje aldersheim, sjukehus eller sjukepleiar, og me måtte dela lege med Stord, så arbeidsområdet



var stort. Meiningsfylt, men også krevjande. Distriktet hadde store avstandar og eg måtte ofte over fjorden og til Brandasund med båt. Elles kom eg meg rundt på sykkel. (Som kommunen ikkje ville gje støtte til fordi den også kunne brukast privat.) Arbeidsoppgåvene varierte frå å pleia små born til gamle, sjuke og døydande. Mellom anna sette eg penicillinsprøyter, som då var ein ny medisin, vaka over sjuke, ofte mange netter på rad, og følgde pasientar til sjukehusa i Bergen og Haugesund.» Ho vil ikkje bruka så store ord som at ho har redda liv, «men eg har hjulpet mange over kneika».

Ho slutta i jobben etter tre og eit halvt år for å gifta seg med naboguten, Einar Tufteland, og dei fekk to døtre, Marie og Kjellfrid. I 1956 døydde mannen av sjukdom, og ho sat med eineansvar for dei to døtrene på 2 og 4 år. I åra framover tok ho vakter på aldersheimen, på Furuly Helseheim og etter kvart på sjukehuset på Stord. Ho hadde ofte lange nattevakter, og då var det godt å kunna driva med handarbeid, strikka, hekla og brodera. Og den vakre heimen hennar er full av bevis på hennar flittige hender.

Søster Gudrun har følt at ho har hatt tillit i bygda, og har hatt mykje glede av å vera med i styre og stell og organisasjonsarbeid. 6 år i soknerådet, 4 år leiar i Diakoninemnda, leiar i fellesforeininga

for NMS, leiar i Pensjonistforeninga i mange år og medlem i bondekvinne/bygdekvinnelaget i minst ein mannsalder, er noko av det ho har engasjert seg i.

Gudstrua har alltid vore ein viktig del av henne: «Det har vore det trygge og faste. I bønna til Gud kjenner eg meg løfta i ånda og ut av vanskane. Eg syng ofte for meg sjølv, og to av favorittsalmane er: «Leid milde ljøs» og «Jesus din søte forening å smake». Begge handlar om å vera ferdig til reisa», seier ho. Og me er mektig imponerte når ei hundreårig dame feilfritt siterte alle versa. Ho fortel at ho alltid har vore sterk og har hatt ei god helse. No bur ho i generasjonsbustad saman med dei to døtrene.

Me takkar for eit uforgløyemelig møte med ei svært oppegåande dame med hukommelse og åndeleg styrke intakt, som deler villig av sitt lange liv og sine minne og som ber sine hundre år utruleg godt. Ei kvinne som er audmjuk og sterk i si tru, og som har vigd livet sitt til å hjelpa andre.



Leid, milde ljøs

T: John Henry Newman O: Peter Hognestad

Leid, milde ljøs, igjennom skodde-eim,
Leid du meg fram!
Eg gjeng i myrke natt langt frå min heim,
Leid du meg fram!
Før du min fot; eg treng ei sjå min veg
So langt og vidt eitt steg er nok åt meg.

Du veit det vel, eg bad ei alltid so:
Leid du meg fram!
Eg vilde velja sjølv min veg, men no
Leid du meg fram!
Eg vilde leva vilt, var stolt og strid
Og stor i mod -, å gløym den dårskaps tid!

Di makt hev signa meg, då veit eg visst
Du leider enn
I myr og fjell og heid, og so til sist
Ein morgon renn,
Då til meg smiler engleåsyn blid,
Som eg hev elska før, men mist ei tid.

Jesus, din søte forening å smake

T: John Henry Newman O: Peter Hognestad

Jesus, din søte forening å smake
lenges og trenges mitt hjerte og sinn
Riv meg fra alt det meg holder tilbake
Dra meg i deg, min begynnelse, inn!
Vis meg med klarhet
min avmakt og møye
Vis meg fordervelsens avgrunn i meg
At seg naturen til døden kan bøye
Ånden alene må leve for deg

Styrk du meg kraftig i sjelen her inne
at jeg kan kjenne hva Ånden formår!
Styr du min tunge og tankene mine
Led meg og lokk meg
så svak som jeg går!
Meg og hva mitt er,
jeg gjerne vil miste
når du alene i sjelen vil bo
Og seg omsider på døren må liste
alt som forstyrrer i hjertet min ro

Å, den som kunne det ene kun lære:
Ofre seg for deg med hjerte og hu!
Å, måtte Jesus mitt allting kun være
Jeg er dessverre langt borte enn!
Jesus, som gav meg et hørende øre,
rekk meg tillike din kraftige hånd
så jeg her etter min vandring må føre
rett som en kristen i hellighets ånd!

Nådigste Jesus, nu vil jeg meg binde
ved dine løfter, din trofaste pakt:
Hver den som ber
og som leter skal finne!
Så har de sanndrue lepper jo sagt
Jeg vil med kvinnen fra Kanaans egne
rope i lengsel og aldri bli still
før du på bømen til slutning må tegne:
Amen, ja, amen, deg skje som du vil!

Ein salme som på norsk er mest kjent som salmen Hans Nielsen Hauge song på då han fekk si kallsoppleving. I Landstads reviderte salmebok så vel som i den danske salmeboka har den sju vers. I Norsk Salmebok er to vers tekne bort og vers fire kraftig omskreve i høve til den danske teksten av Peder Jacobsen Hygom, som igjen er ei omsetjing frå den tyske salmen «Jesus-Sophia, ich such' und verlange» som er kreditert Johann Ludwig Konrad Allendorf.

Kjelde: Wikipedia

Korona, traumebehandling og nye misjonærar

Stina M. Aa. Neergård/Helga Rimmereid

Korona

Koronapandemien pregar arbeidet i Mali. Sidan pandemien kjem på toppen av dei store utfordringane Mali allereie har i forhold til sikkerheit og ulike militsgrupper som herjar, treng landet vår støtte no, meir enn nokon gong. Smitten i Mali er aukande, og landsbyutviklingsprosjektet NMS støttar, ynskjer å bidra til å redusere smitten og å hjelpa sårbare grupper til å kunna beskytta seg sjølv. Gabdo, som er leiar for landsbyutviklingsprosjektet, seier ho er bekymra over at befolkninga ikkje tar dei førehandsreglane som er nødvendige for å verna seg mot korona. Det kan handla både om manglande kunnskap og mangel på vatn, matmangel og at butilhøva gjer det umogleg å følgja reglane. Derfor har dei no fokus på koronaførebyggjande tiltak. Såpe og vatn er luksusvarer for mange i Mali, og det vert jobba med å setja opp 80 «vaskestasjonar» i flyktningeleirar. Utstyr for å setja opp vaskestasjonar og såpe vert og fordelt i landsbyar gjennom ressurspersonar som er knytt til prosjektet. Det skal og setjast opp «vaskestasjonar» for handvask på ni kommunale helsesenter. I tillegg vert det laga radioprogram med informasjon om Covid 19 og prosjektarbeidarane underviser om viruset og korleis ein kan beskytta seg.

Traumebehandling

All uroa som har vore i Mali dei siste åra, gjer at mange ber på vonde og skremmande røynsler med truslar og vald. 8. - 10. november 2020 vart det difor arrangert eit seminar om traumebehandling, i Bamako. Kurset tok opp både kva slags opplevingar som kan gje traume, kva slags symptom som kan oppstå og korleis ein kan behandle trauma. Fleire fulanarar frå nordvest hadde kome til Bamako for å vera med på eit bibelstemne. No fekk dei og med seg traumeseminaret. Heile 21 personar deltok på seminaret.

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid i Mali.



Mali er eit av dei fattigaste landa i verda, det er væpna konflikhtar og opprør i store deler av landet, det har nyleg vore statskupp, og landet er til liks med resten av verda prega av koronapandemien. NMS jobbar med å nå ut med evangeliet til fulanifolket, og misjonsarbeidsfelleskapet består av misjonærar frå fem land og sju ulike organisasjonar.



Nye misjonærar

Søndag 8. november var det gudsteneste der fulanarane, som var komne frå nordvest, for første gong fekk helsa på to nye misjonærfamiliar som er komne frå Kamerun. Både uroa i landet og koronapandemien har avgrensa reising i Mali, så det betyr ekstra mykje å vera saman.

«Det vart verkeleg ei gudsteneste der me kjende på det gode, kristne fellesskapet», seier Moïse Ngayap, som har vore direktør for misjonsarbeidet i Mali frå 2011 og fram til no.

2. desember kom Magadji Thomas fra Kamerun til Bamako i Mali. Thomas skulle egentleg kome til Mali allereie i mai, men både koronapandemien og statskuppet i Mali forsenka utreisa hans. Dei siste åra har Thomas vore generalsekretær i MICCAO, ein paraplyorganisasjon for misjonsarbeid blant fulanifolket. Tidlegare har han vore direktør for kyrkja sitt radiostudio og kyrkja sitt trykkeri i Kamerun.

«Eg har kjent meg kalla til arbeid med fulanifolket heilt frå 2002. Gjennom arbeidet som generalsekretær i MICCAO har eg fått god oversikt over kva slags misjonsarbeid som vert drive blant fulanifolket. Det trur eg vil bli ein ressurs når eg no vert direktør for arbeidet i Mali. Eg trur Gud har brukt åra eg var generalsekretær til å førebu meg på den tenesta eg no skal ha i Mali», seier Thomas.

Begge foto: NMS



Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali så vil du få anledning til det i samband med gudstenesta 1. påskedag.

Pasjon

Haldis Totland Reigstad

Folket ropa: Krossfest. Barabbas gjekk fri.
Våre synder, Herre, knuste sjela di.
Du vart dømd til døden, du, som skuldlaus var.
Inn i mørket gjekk du skild frå Gud din Far.

Satans englar slo deg, spotta deg og lo.
Mellom falske vitne du åleine stod.
Kruna som dei gav deg, reiv di panne sund.
Ingen kunne hjelpa deg i denne stund.

Audmjuk, full av kjærleik bar du synda vår.
Lik eit lam dei slaktar du mot døden går.
Vi fór vilt som sauer, vi fór kvar vår veg.
Gud la i sin nåde børa vår på deg.

Jord og himmel jublar, vi vil jubla med.
For di kongetruna vil vi bøya kne.
Nøklane til livet tok du i di hand
då du gjennom døden evig siger vann.



Jes 53, 6-7

Vi fór alle vilt som sauer, vi vende oss kvar til sin veg.
Men Herren lét råka han det vi alle var skuld i.
Ille medfaren vart han, men bar det audmjukt;
han lét ikkje opp sin munn,
som lammet dei fører til slakting,
og sauene som teier når han vert klypt;
han lét ikkje opp sin munn.

Er du lei no?

Herman Inge Aadland

Det er i alle fall eg! No har det tikka og gått eit heilt år der me har vore meir eller mindre vengeklypte alle som ein. Til å byrja med var me kanskje meir redde enn leie. No er det heller omvendt. I eit heilt år har me gått rundt og praktisert ein barnesong me aldri har vore glad i: «Vær forsiktig lille barn hva du gjør.» Stengde skular, stengde kyrkjer og bedehus, avlyste kulturarrangement, hermetiske heimar, klemmeforbod, sovande kor, stengde idrettsbanar, idrettshallar og treningssenter, besøksforbod på institusjonar og mykje meir har vore melodien. Litt optimisme har det vore innimellom, men så var det på han igjen. Og oppe i alt dette tuslar livet av stad. Dagane går, og me får dei aldri att, - ikkje ein einaste ein av dei -, slik at me kan bruka dei på nytt eller betre.

Tenk på alle dei som skulle hatt ein klem, eit besøk, delt fellesskap, snakka saman, ledd saman, bede saman, opplevd gode ting saman! Tenk på alle dei som skulle hatt meir enn 10, 25 eller 50 med i gravferda til ein kjær! Normalt skulle det gjerne vore både 100 eller 200. Kven skal få vera med? Kven skal utelatast? Er det ikkje nok med sorga i seg sjølv? Det riv i hjarta når ein tenkjer på det.

I det siste har eg trekt ein forsiktig parallell mellom pandemien og Israelfolket si ørkenferd. Dei skulle heim frå Egypt, men det tok dei altså 40 år; og det heile tida under unormale tilhøve. Ikkje alle kom heim ein gong. Nokon vart fødde

på vegen, medan andre døydde på vegen. Livet var uavlateleg på vent. Dei var ikkje turistar på solferie. Ofte leid dei vondt. Dei hadde ingen heim. Dei hadde inga kyrkje som stod grunnfest i heimleg jord. Nei, tabernaklet – gudstenesteteltet – bar dei med seg. Aldri kunne dei sei at dei var heime, - berre på kvilelaus reise mot det lova landet. Men ein ting opplevde dei gong på gong: Gud var med dei heile vegen. Nokon gonger kjende dei det sterkt. Andre gonger følte dei at han var fjern. Ja, så fjern at dei prøvde skapa seg ein ny, nærverande gud av gull. Det vart ein solid fiasko, om denne handlaga guden var aldri så tung. Gull er nemleg ikkje mykje til gud verken i liv eller død.

Men Gud var ikkje borte! Og ein vakker dag kryssa dei grensa til det lova landet.

Gud er like nær oss no! Og han toler våre sukk og våre klager. Han veit at ikkje alle har det greitt. Han veit om einsemd, mismod, depresjonar, arbeidsløyse, mangel på fellesskap og det vanskelege livet. Han veit om born i heimar der det ikkje er greitt å bu. Han veit om alle «mangelsjukdommane» me er påførde i denne koronatida. Snakk om det heime, snakk om det på telefonen, snakk om det ute på to meters avstand. Snakk om kva du saknar, kva du ser fram til og kva og kven du lengtar etter! Alle kan gje eit smil, eit nikk og eit oppmuntrande ord!

Og no vil me tru at det ljosnar i horisonten. Sola stig dag for dag. Snart vaknar naturen. Og

snart har dei som ynskjer det, fått sine helsebringande stikk i armen. Kanskje skal likevel ikkje alt verta nett slik det var før etter pandemien? Kanskje har me lært noko og fått litt meir livsvisdom til å navigera litt sunnare og saktare? Men ei udelt glede skal det verta å få kasta tvangstrøya!

Då må likevel ingen av oss gløyma at slik me har hatt det gjennom dette siste trasige året, slik er det mange som har det stort sett alltid. Dei veit ikkje av noko anna enn at livet er avgrensa. Då er det viktig at me kan vera med og gjera ein skilnad for dei når me igjen er frie som fuglen!

Eit av mine andre ynske er at kyrkja snart skal «bula ut» av folk og fellesskap. For mange av oss har mange gudstenester å ta att, mange salmar å syngja, mykje takk å bera fram, mykje kyrkjekaffi å drikka og oppløftande temakvelder å ta inn. Å, eg lengtar!

Kjære vener, hald ut! Dagen gryr!



Besøk i konfirmantklassar

Roald Drønen

På den første samlinga for konfirmantane i det nye året fekk me besøk av Annbjørg Stjern Tvedt. Ho er leiar av Fitjar sokneråd si diakoninemnd og var invitert for å fortelja konfirmantane litt om diakoni. Dette er eit ord som mange ikkje er kjent med. Annbjørg forklarte på ein enkelt måte at dette er gode gjerningar gjort i kjærleik til andre menneske. Og noko som kyrkja har drive med heilt frå Jesu tid. I Fitjar er det eit team av ca 115 besøkjarar som har nokon dei fast stikk innom til, eller tek ein telefon til. Diakoninemnda delar ut blommar til dei som har runde dagar 80, 85, 90, 95, 100 år og arrangerer ein årleg busstur for pensjonistar til interessante «mål» utanfor Fitjar.



Annbjørg Stjern Tvedt

Ei annleis jul

I ei annleis jul, der det ikkje var sjølvstøtt at kyrkja skulle vere open, var det ekstra kjekt å kunne samlast til ungdomsgudsteneste på andre juledag.

Ingvild Prestbø

Denne gudstenesta har etter kvart blitt ein tradisjon og eit møtepunkt mellom heimebuande og utflytta Fitjarungdom. Sokneprest Roald Drønen leia oss igjennom gudstenesta, men den var langt i frå noko «einmanns-show».

Samlingsbøna vart leia av Mathilde Kloster som også hadde kontroll på registreringa i forkant.

Tor Håkon Aarbø, Alice Rose Mehammar og Madelen Victoria Lønning stod for musikken, og fekk på den måten ta med noko av det dei har lært på Kongshaug musikkgymnas til kyrkja heime.

Under preika fortalde Oda Rydland om si reise som kristen, frå oppveksten på Fitjar og ut i den store verda. «Finn dåke et kristent fellesskap», var noko av det ho ville formidle til ungdommane. Og nettopp gudstenesta på andre juledag er eit godt døme på korleis eit gudstenestefellesskap for ungdommar kan vere.

Det å få lov til å delta i gudstenesta er med på å gje ungdommar ei kjensle av å høyre til i kyrkja. Eg trur dette kan vere endå viktigare enn at sjølve innhaldet i gudstenesta er tilpassa ungdom.

Og dessutan- når ungdommar får delta i gudstenesta, kan dei

også få vere med på å setje sitt eige preg på den.



Oda Rydland



Madelen Victoria Lønning og Alice Rose Mehammar

Nytt frå soknerådet

Aktiviteten i soknerådet var lågare i 2020 enn vanleg, grunna pandemien. No prøver vi å halda oppe møtefrekvensen ved å ha soknerådsmøta på teams, det vil seie at vi møtest «på nettet». Det fungerer greitt under noverande forhold, men vi håpar å koma attende til ei møteform vi kjenner frå tidlegare. Hittil i år har soknerådet gjennomført månadlege møte.

Sigrid Fangel/Torbjørn Hovland

På soknerådsmøtet i januar la leiaren fram sine tankar om arbeidsform i sokne- og fellesrådet. Døme er møtestruktur og økonomistyring. Han peika på behovet for medviten tidsbruk i arbeidet: Kvar bør fokus vere, visjon versus detaljstyring? Han syntte til retningslinjer for arbeid i fellesråd med lovpålagde oppgåver, og arbeidet soknerådet som omhandlar alt det som nærer og byggjer det kristne livet. Målsettjing for arbeidet er enkelt sagt kyrkjelyden sitt ve og vel. Soknerådet sluttar seg til tankane, og ynskjer at arbeidsutvalet jobbar vidare med den overordna strukturen for arbeidet.

Frå 1991 til 2018 har Fitjar sokn - gjennom ei gjevarteneste - samla inn midlar til løn til kyrkjelydsprest. Storleiken på fondet er i dag om lag kr. 643.000. Årsmøtet oppfordra alt i 2019 soknerådet om å vurdere korleis fondet kan bli brukt. Soknerådet har peika ut eit utval, og gjeve dei mandat til å leggja fram forslag til bruk av fondet. Det er høve til innspel undervegs i arbeidet, før endeleg forslag blir lagt fram for soknerådet, venteleg hausten 2021.

Det blir gjort mykje godt arbeid i kyrkjelyden under pandemien, ikkje minst ved strøyming av gudstenester der gode frivillige krefter deltek. Likevel er det eit spørsmål om tilsette, soknerådet og andre frivillige kan gjera endå meir for å tena kyrkjelyden vår i denne, for mange, vanskelege tida. Soknerådet ynskjer å bli kontakta av Fitjarbuen om tankar og idear om berekraftige løysingar og aktuelle tiltak.

Helgaton-weekenden vert truleg avlyst. Dei som har meldt seg på, får melding.

Soknerådet støttar forslaget frå staben og gjer vedtak om å gjennomføra konfirmasjon av årets konfirmantar 8. og 9. mai 2021. Om det ikkje vert mogleg å gjennomføra konfirmasjonar i mai, blir dei utsette til 4. og 5. september 2021. Kulturhuset kan eventuelt brukast til konfirmasjonsgudstenestene slik at smittevernet vert ivareteke.

Årsmøtet i kyrkjelyden vert gjennomført etter ei gudsteneste i april. Om det er mogleg å samla fleire, vil ein gjennomføra gudstenesta og årsmøtet i kulturhuset. Den årlege kyrkjelydsfesten vert lagt til bispevisitasveka i desember. Aldri alene



Aldri alene

*Han
hjelper
oss
når vi ikke
får det til*

*holder oss
fast
når fjellet
slår sprekker
under
føttene*

*gir oss
seier
når vi sliter
med nederlag*

*viser oss
våren
når
vi bare ser
vinter*

*han
spenner
løftene
som en bue
over
himmelhvelvingen
og er oss
nær*

Tove Houck



Min påskesalme

Når Inger Sofie Nesbø skal velja sin favorittsalme mellom mange fine påskesalmar, stoggar ho ved salmen «Å salige stund utan like». Den er skriven av den svenske salmediktaren Johan Halmrast i 1890. Salmen er basert på forteljinga om Maria Magdalena.

Roald Drønen

Kva er det ved denne salme som rører noko inni deg?

Eg synest den er ein gladsong med ein melodi som er lett å syngja. Og så har den med hovudpoenget- at Jesus vann over døden og har stått opp igjen.

Når hørde du den for første gong?

Nei, det kan eg ikkje hugsa. Det må har vore i oppveksten i Holmedal i Fjaler kommune i Nordfjord. Når me vaks opp, lærte me alle slike salmar- også julesongar- på nynorsk. Difor er det litt rart at det er bokmålsteksten i denne salmen eg har lært, sjølv om den også finst i nynorsk utgåve, «Å sælaste stund utan like», omsett av biskop Bernt Støylen.



Å, salige stund utan like

Johan Halmrast

*Å, salige stund utan like, Han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Han er ikke lenger i graven, Hvor bleknet i døden han lå,
Jeg levende så ham i haven, Og aldri så skjønn jeg ham så.*

*Han lever, og jeg skal få bringe Hans venner det salige ord -
Tenk, jeg som er ringest blant ringe, Den minste han kjenner på jord.
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære, Å, kunne jeg syngte det ut!
Å, kunne ei engler begjære Å gå med så salig et bud!*

*Å, salige stund utan like, Han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde, Og dvelte ved gravnatten kun,
Så fikk du ham levende møte, Å, salige, salige stund!*



Nydeleg dag i Håradal

Flott dag til Røldal skisenter med konfirmantar og leiarar. Det var ei ganske lang reise, men me kom opp til nydelig sol og mykje snø! Verkeleg verd turen. Roald hadde andakt om «Gud er god».



III GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



FITJAR
SJØ OG CAMPING

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

Hår
loftet

OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter

Mobilnr: 951 89950

Bakken
Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00 www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og
godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARMEN & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



KVERNENES



Sko – Gåver – Leiken

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**
Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Ledig annonseplass



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI
SHIP DESIGN

www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døpte:

31.01.
Kasper Volden Tislevoll

21.02.
Johannes Tufteland Lønning

14.03.
Celina Bernes
Michell Bod
Elias Tislevoll Gerhardsen

Vigde:

Tonje Karine Bakken og
Leif Andre Kvernenes Tangen

Jordfeste:

Liv Marit Helland
f: 06.07.1956 – d: 27.12.2020

Helene Johanna Korsvik
f: 29.05.1939 – d: 29.12.2020

Odd Kåre Tranøy
f: 02.02.1937 – d: 02.02.2021

Gunn Marit Volden
f: 24.01.1944 – d: 09.02.2021

Nina Bårdsen Lie
f: 21.05.1957 – d: 12.02.2021



Gudstenester framover

alle gudstenester vert streama på kyrkja.no/Fitjar

Dato	Klokkeslett	Merknad	Takkoffer
01.04	11.00	Skjærtorsdagsgudsteneste	
02.04	11.00	Langfredagsgudsteneste	
04.04	11.00	Høgtidsgudsteneste	NMS Prosjekt MA
11.04	11.00	2.s. i påsketida	Barne- og ungd. arbeid
18.04	11.00	3.s. i påsketida	Kirkens Nødhjelp
25.04	11.00	Barnas påskefest	Kyrkjelydsarbeidet
02.05	11.00	5.s. i påsketida	Misjon utan grenser
09.05	11.00	6.s. i påsketida	
17. 05	11.00	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
23. 05	11.00	Høgtidsgudsteneste	NMS Prosjekt Mali
24.05	12.00	Skaparverkets dag(i fjellet)	Kyrkjelydsarbeidet
30.05	11.00	Treeiningssøndag	KABB(arb. blant blinde)
06.06	11.00	2.s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
13.06	11.00	3.s. i treeiningstida	Kirkens SOS
20.06	11.00	4.s. i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet